

Kjære foreldre/føresette til elev i vidaregåande opplæring

Velkomen som foreldre/føresette i den vidaregåande skolen. Foreldre/føresette er viktige for ungdommane når dei no skal inn i vidaregåande opplæring, og vi ønsker å ha foreldra som gode medspelarar i denne perioden.

Trygt og godt

Godt og trygt læringsmiljø er viktig for at elevane skal lære fag og ha det bra, og skolen har plikt til å følge med og gripe inn, [aktivitetsplikt](#). Ta kontakt med skolen så fort som mogleg dersom de opplever at eleven ikkje har det trygt og godt. Dette kan gjerast på fleire måter og å bruke [meldeknappen](#) er ein av måtane. Skolen har eigne prosedyrer for korleis dei skal handtere dette og har eigne innsatsteam mot mobbing. God dialog med foresatte er viktig i slike saker.

Dersom eleven opplever at ein frå leiinga på skolen gjer at eleven ikkje har det trygt og godt, kan de varsle fylkeskommunen som er skoleeigar. [Dette finn de meir informasjon om her.](#)

Har de spørsmål, eller treng hjelp og støtte i saker knytt til vidaregåande opplæring, så kan de og kontakte [elev- og lærlingombodet](#) direkte.

Fråvær

Det er viktig for både læringsmiljøet og læringa i fag at eleven er tilstades i undervisninga. [De kan lese meir om fråværsystemet på nettsidene.](#) Foreldre kan følgje med på fråværet og vurderingsarbeidet i systemet [Skolearena](#). Du opprettar brukar sjølv dersom du ikkje allereie har ein. Kontaktlærar gir deg så tilgang. Etter at eleven har fylt 18 år kan eleven eventuelt gi samtykke til ein slik tilgang.

Foreldremøter

Skolane vil etter skolestart kalle inn til foreldremøter. Dette får de eigen informasjon om frå skolen. Skolane vel også representantar frå føresette til skoleutvala på den enkelte skole.

Oppfølging

Det er framleis viktig å følgje opp elevane slik at dei får nok søvn, har eit godt kosthald og får gode vanar med bruk av sosiale media osv. Fortset å spør om skolekvardagen og støtt opp om arbeidet til lærarane. Ta kontakt med kontaktlæraren dersom de har spørsmål eller viktig informasjon.

Det ligg nyttig informasjon på heimesidene til skolane og det er lurt å følgje med der, for eksempel om [PC-ordninga](#). Der finn de mellom anna kontaktinformasjon til kontaktlærarar, støtteapparat osv. Vi minner også om at elevane må søke om [utstyrsstipend](#).



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Vi ser fram til eit godt samarbeid og ønskjer lykke til med foreldrerolla i vidaregåande opplæring!

Venleg helsing

Fylkesutdanningssjefen